

Kulturhistoriske registreringar

Områdeplan for Rylandshøgda
Meland kommune

RAPPORT 12 2017



Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysninga om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysninga om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

Innhold

1. Samandrag.....	4
2. Bakgrunn	4
3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep	4
4. Metode	6
6. Tidligare kjende kulturminne i område.....	9
7. Undersøkinga	9
7.1.1 Prøvestikking i den nordaustlege delen av planområde.....	10
7.1.2 Prøvestikking i den nordvestlige delen av planområdet.....	11
7.2 Nyare tids kulturminne	12
8. Konklusjon.....	13
Litteratur	14

Figurliste

Figur 1. Oversikt over dei arkeologiske periodane	5
Figur 2. Strandforskyvingskurve for Rylandshøgda, Meland kommune (etter Lohne 2006).....	6
Figur 3. Oversiktskart med planområdet markert	7
Figur 4. Oversiktskart over planområdet	7
Figur 5. Kart over planområdet.....	8
Figur 6. Oversiktsbilde over planområdet i NA.....	8
Figur 7. Oversiktsbilde over planområdet i NV.....	8
Figur 8. Oversiktsbilde over planområdet S for.....	8
Figur 9. Oversiktsbilde over planområdet S for.....	8
Figur 10. Oversiktskart over kjende kulturminne i planområde og nærområda (etter Askeladden.ra.no).	9
Figur 11. Oversiktskart viser prøvestikk i den nordaustlige delen av planområde.....	10
Figur 12. Oversiktskart med prøvestikk i den nordvestlige delen av planområde.....	11
Figur 13. Mur/oppbygging ved kjerreveg	12
Figur 14. Mur, nyare tid.....	13

Vedlegg

For feltfoto viser ein til HFK sitt fotoarkiv «Fotostation».

1. Samandrag

I samband med områdeplan for Rylandshøgda, gnr. 43, bnr. 154 mfl. i Meland kommune har Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført i perioden 22.05.2017 - 02.06.2017 og 07.06.2017 av Lars Røgenes og Ailén Moltu Frækhaug. Rapport er skriven av Ailén Moltu Frækhaug.

I løpet av undersøkinga vart det grave 44 funntomme prøvestikk og planområdet vart overflateregistrert. Til saman vart det nytt 17 arbeidsdagar i felt. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i planområdet.

Av nyare tids kulturminne vart det registrert fire steinmurar i planområdet.

2. Bakgrunn

Bakgrunn for undersøkinga er områdeplan for Rylandshøgda. Det var frå før ikkje kjend automatisk freda kulturminne i planområdet, men på bakgrunn av tidlegare kjente funn i nærområda og dei topografiske forholda vart planområdet vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune varsla difor arkeologisk registrering i brev datert 21.06.2017. Saksnummer i saka er 2016/5092.

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneskes liv og virke. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. kulturminnelova § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern

av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneholder ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 9000 BP	9500 – 8000 BC
	Mellomesolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
	Tidlige neolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 1. Oversikt over dei arkeologiske periodane.


Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvalting og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registrert.

4. Metode

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synlege på markoverflata, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald er avhengig av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Prøvestikking er den mest nytta metoden for å påvise kulturminne frå steinbrukande tid, men kan også nyttast til å påvise yngre kulturminne. Ved bruk av denne metoden sonderar ein fyrst med eit jordburr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grep ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm, mens djupna varierar med grunnforhold. Den oppgravne massen under torva vert vassålda i såld med 4 millimeter maskevidde. Slik vil funn av reiskap og avslag etter reiskapsproduksjon i flint, kvarts, rhyolitt og andre råstoff vere lett å finne. Med bakgrunn i vurderingar basert på topografi, strandlinekurver og bruk av sonderbor, vert eigna område for stikking vald ut. Ved overflateregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustufter, helleristningar, bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgropar, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar, jernvinne, steinbrot, bygdeborgar.




Figur 2. Strandforskyvningskurve for Rylandshøgda, Meland kommune (etter Lohne 2006).

Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid; enten ved at tidlegare tidars busettingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving. Det er utarbeidd kurver over eldre strandlinjer for Hordaland (Lohne 2006; sjå også Rommundset 2005 og Vasskog 2006). Dette kan vere ein god reiskap til å forstå landskapsendringar over tid. Strandlinjekurver er også ein metode ein nyttar for å datere steinalderlokalitetar innanfor ei gjeve ramme. Ei strandlinjekurve for det gjeldane området er vist på figur 2.

5. Området


Rylandshøgda ligg på Holsnøy, omlag midt i Meland kommune, nordvest for tettstaden Frekhaug (figur 3). Planområdet omfattar gnr. 43, bnr. 154 mfl. og ligg like sørvest for Rylandsvatnet og søraust for Rylandsvågen, som har tilknyting blant anna til Herdlefjorden (figur 4). Planområdet består i hovudsak av utmark i skog- og lyngkledde områder og bustadområde.



Figur 3. Oversiktskart med planområdet markert med svart sirkel.



Figur 4. Oversiktskart over planområdet.



Figur 5. Kart over planområdet.



Figur 6. Oversiktsbilde over planområdet i NA.



Figur 7. Oversiktsbilde over planområdet i NV.




Figur 8. Oversiktsbilde over planområdet S for Rosslandsvegen.



Figur 9. Oversiktsbilde over planområdet S for Rosslandsvegen.

6. Tidligare kjende kulturminne i område

Det er ikkje kjend nokon automatisk freda kulturminne innanfor eller ved planområdet, men det er kjend to lausfunn i det aktuelle arealet. Dei to lausfunna er id. 226105, eit spinnehjul funne innanfor planområde på gnr. 43, bnr. 115, og id. 226106, ei fiskesøkke funne på gnr. 43 bnr. 4, like sør for planområdet.



Figur 10. Oversiktskart over kjende kulturminne i planområde og nærområda (etter Askeladden.ra.no).


7. Undersøkinga

Registreringa vart utført i perioden 22.05.2017-02.06.2017 og 07.06.2017 av Lars Røgenes og Ailén Moltu Frækhaug. Til saman vart det nytta 17 arbeidsdagar i felt, og i den samanhengen vart det grave 44 prøvestikk i dei skog- og lyngkledde områdane like ved Rylandsvatnet og Rylandsvatnet. Dei resterande utmarksområda vart overflateregistrert etter synlege kulturminne.

Prøvestikka vart grave på dei plassane som var vurdert til å ha høgast potensial for steinalderlokalitetar. Det vart prøvestukke i eit lyng- og skogkledd område lengst nordaust i planområdet, mellom vegen og Rylandsvatnet, og i eit delvis skog- og graskledd område lengst nordvest i planområde, like sør for Vågen. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne i planområdet.

7.1.1 Prøvestikking i den nordaustlige delen av planområde


Det vart grave 32 prøvestikk i den nordaustlige delen av planområdet. Det aktuelle området ligg like sørvest for Rylandsvatnet og like nord for Røsslandsvegen, og heller ned mot vatnet i nord (figur 7.). Vegetasjonen kan beskrivast som lyng- og mosekledd, noko tuete og til tider noko fuktig. Generelt var det tykt med torv i alle stikka og berre eit tynt lag med fin gråbrun til gråblå siltig sand i botnen, ein treffer deretter berg. Prøvestikka vart grave på dei plassane som vart vurdert til å ha høgast potensial for funn, men det vart ikkje gjort funn i desse.



Figur 11. Oversiktskart viser prøvestikk i den nordaustlige delen av planområdet

7.1.2 Prøvestikking i den nordvestlige delen av planområdet

Det vart og satt prøvestikk i den nordvestlige delen av planområdet, like sør aust for Rylandsvågen (figur 8). Det vart grave 12 prøvestikk i dette området. Arealet kan beskrivast som graskledd med noko bjørkeskog. Det er generelt skritt med massar i område, og nokre plassar er berg synleg i overflata. Det var difor noe avgrensa kor ein kunne grave prøvestikka. Alle prøvestikka var negative.



Figur 12. Oversiktskart med prøvestikk i den nordvestlige delen av planområde. Raud linje representerer steinmurar.

7.2 Nyare tids kulturminne

I planområdet vart det registrert fire murar frå nyare tid (sjå bilda under) på gnr. 43 bnr. 14. Murane består av opplødd stein og er 1-1,5 m høge. Alle fire er synleg på kart i figur 10, desse er market i raud på kartet (figur 12).



Figur 13. Mur/oppbygging ved kjerreveg.



Figur 14. Mur, nyare tid.

8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa på Rylandshøgda, gnr. 43, bnr. 154 mfl. i Meland kommune vart gjennomført i perioden 22.05.- 02.06.2017 og 07.06.2017. Det vart ikkje gjort funn som kjem inn under § 4 i kulturminnelova.

Litteratur

Helskog, K., Indrelid, S. & Mikkelsen, E. 1976. *Morfologisk klassifisering av slårte steinartefakter*. Universitets Oldsaksamlings årbok 1972-1974.

Lohne, Ø.S. 2006: *SeaCurve_v1 – Teoretisk beregning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater (MS Excel regneark)*.

Riksantikvaren sin kulturminnadbæse Askeladden (<https://askeladden.ra.no>)

Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyvning på sørlige Bømlo*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevelingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevelingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen